



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Areal og miljøeininga v/ Christian H. Reinshol  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 3. 12. 2014	
Ark. saksnr	Løpnr
Saksh.	Tilgangskode

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2013/023286-005

Dykkar referanse:  
14/1897 - 14/26094

Vår dato:  
01.12.2014

### **Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Kubbaleitet - gnr. 137 bnr. 38 / 66 / 69 / 77 m. fl. i Lindås kommune**

Vi viser til Dykkar oversending av 21.11.14 med framlegg til reguleringsplan for Kubbaleitet, gnr. 137, bnr. 38, 66, 77 m. fl. på Isdalstø i Lindås kommune.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utbygging av eit større område (Kubbaleitet) som er avsett til bustadføremål innanfor kommunedelplanen for Knarvik – Alversund. Totalt vert det opna for 173 nye bustadeiningar innanfor det aktuelle planområdet som er på totalt 79 daa. I tillegg ynskjer ein og å legge til rette for bruk av dei sjønære områda ved at det skal etablerast ein kyststi gjennom området og regulering av naust knytt til dei eksisterande naustmiljøa langs sjølinja.

Planområdet har tilknytning til eksisterande veg gjennom Isdalstø som tidlegare hadde status som fylkesveg 565, men som no er kommunal veg. Det vert derfor opp til Lindås kommune å vurdere korleis planområdet skal knytast til offentlig veg.

Den kommunale vegen har på fleire punkt låg standard utan fullgode løysingar for mjuke trafikantar. Vi vil be om at Lindås kommune vurderer om det skal setjast fram krav om utviding av planområdet for å sikre gjennomføring av trafikktryggleikstiltak.

Ut frå tilsendt reguleringsplankart er det vanskeleg å vurdere om krysset til den kommunale vegen oppfyller krava til teknisk utforming av kryss i samsvar med handbok N100 (tidlegare handbok 017).

Vi vil vidare gjere merksam på at det ikkje er samsvar mellom nummerering av dei ulike vegane innanfor planområdet med utgangspunkt i tilsendte veg- og profildeikningar C001 – C003 og det endelege framlegget til reguleringsplankart.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen